



Bjørn Naterstad (trombone) og Marius Lamberg Torjusen (euphonium) var Kvinnherad sine deltakarar på kurset. (Foto: Steinar Naterstad)

Sist veke var om lag 80 ungdommar samla til svart musikksummarkurs på Moi, sør i Rogaland. Dette kurset var for aldersgruppa 16-19 år. Deltakarane kom frå Hordaland og Rogaland. Bygda vår var og representert på dette kurset i det Bjørn Naterstad saman med rosendelingen Marius Lamberg Torjusen var Kvinnherad sine deltakarar på kurset.

Musikarane vart delt i to grupper på grunn av det høge deltakartalet. Det var eit storband og eit janitsjarkorps. Begge kvinnheringane øvde og spela saman med storbandet. Leiarane på kurset gav uttrykk for at musikarane heldt godt musikalsk nivå. Dessutan var dei svært godt fornøgd med den sosiale sida ved samlinga. Det vert gjerne eit spesielt godt miljø og fellesskap når så mange samlast om ein hobby som gjev dei så mykje, og som dei etterkvart er blitt så glad i.

Kurset vart avslutta søndag, og avslutninga på svart kurs er alltid med stil. Då forflytta musikarane seg frå Moi til Stavanger. Der gav dei konsert for eit stort publikum i Atlantic Hall. I følgje vår meldar var det ei forrykande førestilling med stor variasjon og spennvidde.

Publikum fekk mellom anna høyre filminspirert musikk framført av det store og flotte korpset. Dei fekk høyra eit groovy og funky storband som fungerte glimrande. Ei Urframføring var det og plass til; 7 av Edvard Grieg sine mest kjent verk vart framført på tre minuttar. Dette arrangementet var gjort av den musikalske leiaren på kurset, Ebbe Sivertsen. Han hadde m.a. med seg to instruktørar som er kjende for uskedalsmusikantane; - Espen Westby (godt kjend frå Ølenskursera dei seinare åra) og Clive Zwanswiniski (engelskmann som var på Halsnøyseminaret sist vinter).

Mixen av dei unge og ufatteleg inspirerande og dugande instruktørane, og den interesserte deltakargruppe er nok hovudårsaka til at musikksummerkursane er blitt så populære. Her har dei lagt vekt på topp kvalitet og innhald, og dei har fått betalt for det. Kursane er meir populære enn nokon gang!

Kvinnerad har denne sommaren hatt 10 deltakarar på summerkursane. Alle eg har snakka med har vore fast bestemt på at dei skal på kurs også neste år. Det skulle fortelja det meste! Då får vi håpa dei får med seg endå fleire til å ta del i denne utviklande moroa.

Av Thor Inge Døssland